

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skreven: 26.08.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 06.06.05 - 24.08.05**

Styresak 72/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 10

Styremøte 06.09. 2005

Oversikt over nye lovar og lovendingar i perioden 06.06.05 – 24.08.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld	Kommentarar/status
Det er ikkje gitt nye lover eller gjort endingar i relevante lover i perioden.			

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 06.06.05 – 24.08.05

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld	Kommentarar/status
Ny midlertidig forskrift om tiltak for å hindra overføring av Legionella via aerosol	14.07.05	Forskrifta gjeld for verksemder og eigedomar som har innretningar som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs. Forskrifta legg visse plikter på den verksemdsansvarlege for innretningane.	Helse Vest har underretta helseføretaka om forskrifta den 13.07.05.

**Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 06.06.05
– 24.08.05**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Vurdering av styremedlem i helseføretak.	10.06.05	HOD har utarbeidd føringar som vil bli lagt til grunn ved utnemning av styremedlem. HOD føreset at dei regionale helseføretaka gjer tilsvarande vurdering ved utnemning av styremedlem i helseføretak. I samband med førebuinga av føretaksmøta i helseføretaka i juni, gjennomførde Helse Vest ei kartlegging av alle styremedlem i forhold til dei nye føringane.
Bestillardokument 2005. Tilleggsdokument etter Stortingets handsaming av RNB 2005	22.06.05	I brevet blir endringar i løyvingane knytt til postane under kap. 732 Regionale helseføretak, omtala.
Føretaksmøtet 23. juni 2005	01.07.05	Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 23. juni 2005 er motteke.
Endring av frist for innsending av årleg melding	04.08.05	Fristen for innsending av årleg melding blei i føretaksmøtet i juni endra frå 15.02. til 01.03. Styre i dei regionale helseføretaka skal innan 1. mars sende ein melding til departementet som omfattar styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport frå føregåande år. HOD ber om at styret sitt arbeid og møtekalender blir planlagd slik at ein held fristen.